

Referat frå foreldre møte SFO.

Dato: 06.09.23.

Lye SFO 120 barn og 12 tilsette.

SFO er stadig i endring for å skapa eit best mogleg tilbod.

Det har kome rammeplan og nye vedtekter. SFO har nå 4 planleggingsdager i året, og gratis kjernetid gjeld og for 2.trinn. I time kommune blir gratis kjernetid det same som 3 valfrie dagar gratis + morgontilbod den dagen.

Brukundersøkjinga vart gjennomført våren 2023. Detter er anna kvart år. Avhengig av høg svarprosent for at det skal vera eit brukande verktøy for SFO til vidare arbeid. Ved høg svarprosent får SFO elevane belønning.

I år fekk me eit totalsnitt på 5,0. Kor me scora høgast på respektfull behandling (5,6), og lågast på informasjon om korleis barnet ditt har det (4,1)

Informasjon er gjennomgåande lagt i andre SFOar, og det har vore eit tema i fleire år. Her er me usikker på kva meir som er ønskjeleg frå foreldre. Oppfordrar til å ta kontakt viss det er noko dykk lurer på eller er bekymra for. Kom gjerne innom når du hentar og snakk med personalet.

Ved anna informasjon bruker me heimesida og Visma app.

SFO er ungane dykker si fritid. Me vil at dei fleste aktivitetene er valfrie. Utanom tur og utetid. Planer kjem på heimesida. Ønskjer å få til eit samarbeid med kulturbanken dette året også.

Anna info:

Kjekt å sjå at alle føresette brukar Visma appen til beskjeder til SFO.

Ved bruk av morgen SFO kan det vera lurt å følgje barnet ditt inn til frukosten viss du er usikker på om han/ho faktisk et frukost. Me prøver å spørje og tilby alle mat, men det kan førekoma at dei seier dei har spist heime når dei ikkje har det.

Smartklokker: SKAL ha skolemodus eller ligge i sekk. Også på SFO, både morgen og ettermiddag. Me opplever fleire som ikkje følgjer desse reglane, og treng ei ny påminning til foreldre om dette. Det er det same som ein mobiltelefon.

Val av ny SU representant frå SFO: Bent Flattum.

